



KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
<b>Torill Slåke</b>	<b>982 98 302</b>	<b>2022/4026</b>		<b>09.10.2023</b>

## IGANGSETJINGSLØYVE - TO-TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

Tiltak:	2 stk driftsbygningar for fiskeutstyr m/ 2 einingar i kvar
Gnr/bnr:	191/229
Byggestad/adresse:	Kobbekbukta, 5455 Halsnøy Kloster
Tiltakshavar:	KVINNHERAD KOMMUNE, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL
Ansvarleg søkjar:	Kvinnherad kommune - Prosjekt, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL
Matrikkel:	Pr bygg: BYA: 140 m <sup>2</sup> – BTA: 140 m <sup>2</sup> - BRA: 134 m <sup>2</sup> Pr eining : BYA: 70 m <sup>2</sup> – BTA: 70 m <sup>2</sup> – BRA: 67 m <sup>2</sup>

Jf. rammeløyve gitt 24.01.2023, vedtaksnr 2023/44.

Dette igangsetjingsløyvet gjeld deler av tiltaket: 2 driftsbygningar av til saman 4 godkjente i rammeløyvet.

### Delegert vedtaksnr.: 2023/455

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 19.09.2023 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF:

- SØK Ansvarleg søkjar - Kvinnherad kommune, 964967636
- PRO Prosjekterande bygg - Kvinnherad kommune, 964967636
- UTF Tømrrarbeid - Kvinnherad Bygg AS, 985828393
- UTF Grunnarbeid - Dimmelsvik entreprenør, 990149062
- UTF Betongarbeid - Dimmelsvik entreprenør, 990149062

### Vilkår:

1. Når tiltaket er ferdig må det søkjast om bruksløyve/ferdigattest, jf. pbl § 21-10. Innmålt plassering av tiltak må sendast til kommunen før bruksløyve/ferdigattest vert gitt.

2. Dersom det skal førast vatn fram til/inn i bygga, må det søkjast til Eining for Vatn og Avløp, om tilknytingsløyve.

3. Sjå vilkår i mellombels dispensasjon vedtatt 05.10.2022.

### ***Tiltaket kan igangsetjast straks.***

---

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve. Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### **Grunnlag for løyvet**

- Vilkåra i rammeløyvet er innfridd vidareført.
- Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.

### **Merknader**

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsle utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlargebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: ***www.dibk.no***

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Torill Slåke

*Fagkoordinator byggesak*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Kopi til:

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningsutvalet

Matrikkelen

Sektor for teknikk og miljø